



AUSTEVOLL ARBEIDARPARTI

Saman skapar me eit
godt samfunn

Våre hovudsaker - valet 2023

Austevoll Arbeidarparti vil at Austevoll skal bli ein enda betre stad å bu. Difor vil me satsa på:

- **Ein god oppvekst**
- **Eit rikt næringsliv, med gode og trygge arbeidsplassar**
- **Framtidsretta helsetenester**
- **Trygge vegar**
- **Levande og inkluderande samfunn**
- **Miljø og klima**

Me trur gode løysingar innan desse områda er til det beste for fellesskapet og den einskilde.

Les meir på www.austevoll.arbeiderpartiet.no eller på Facebook sida vår.

Godt val!

Med venleg helsing
Austevoll Arbeidarparti

EIN GOD OPPVEKST

Ein god oppvekst og det grunnlaget ein får som barn er avgjerande for korleis ein klarar seg vidare i livet. Det er viktig å ha nok og kvalifisert personale i barnehagar, SFO og grunnskulen. Barn og ungdom er den viktigaste ressursen me har. I Austevoll skal me ha barnehagar og skular som tek trivsel, læring og meistring på alvor.



Austevoll Arbeidarparti vil:

- halda fram fokus på tidleg innsats
- setja inn ekstra ressursar for å sikra god og kvalifisert bemanning i skulen
- utvida skulelunsjordninga med sunn mat til alle
- tilbod om leksehjelp på alle trinn
- jobba målretta mot mobbing
- vidareføra helsestasjon og skulehelsetenesta sitt førebyggjande arbeid inn mot barnehage og skule
- leggja til rette for meir leik og auka fysisk aktivitet på alle trinn

- sikra tilgang på eigen psykolog retta mot barn og unge
- prioritera trafikktryggleik og «hjartesoner» rundt skulane, slik at barna kan ferdast trygt og gå eller sykla til skulen
- sikra at Storebø skule vert ein funksjonell og moderne skule

EIT RIKT NÆRINGS LIV, MED GODE OG TRYGGE ARBEIDSP LASSAR

Næringslivet vårt leverer verdiskaping i verdsklasse. For oss handlar det om å satse strategisk på dei områda me har spesielt gode føresetnader for å lukkast i. Offshore, reiseliv, fiskeri og havbruk er definitivt blant desse. Lokal eigde selskap byggjer gode samfunn, skapar arbeidsplassar og produserer enorme verdiar til gode for fellesskapet.

Austevoll kommune er den største arbeidsgivaren i kommunen og skal vera ein attraktiv arbeidsplass, samt ein seriøs arbeidsgivar. Det krev ein god personalpolitikk, med heiltidskultur og satsing på kompetanseheving.



Austevoll Arbeidarparti vil:

- sikra næringslivet gode rammevilkår
- jobba for ein berekraftig og næringsvenleg kommuneplan
- realisera Blått kompetansesenter
- arbeida for gode samferdselsløysingar, inklusiv Hordfast
- auka ferjefrekvens og utvida opningstider
- jobba for reduserte prisar og fleire snøggbåtavgangar
- at Austevoll kommune skal satse på faste, heile stillingar og kompetanseheving
- at reinhaldarar i kommunale bygg skal vere kommunalt tilsette
- ta inn fleire lærlingar i dei kommunale tenestene



FRAMTIDSRETTA HELSETENESTER

Alle innbyggjarar i Austevoll skal oppleva god livskvalitet og tryggleik i kvardagen heile livet.

Det å investere i psykisk helse og rusomsorg er ei investering i menneske sin livskvalitet, samfunnets velferd og økonomisk bærekraft. Det handlar om å skape eit inkluderande og støttande samfunn der alle har høve til å oppnå sitt fulle potensiale, uansett alder. Arbeidarpartiet er garantisten for at pleieomsorgstenestene blir drifta i kommunal regi.



Austevoll Arbeidarparti vil:

- ha fokus på førebygging og tidleg innsats for å fremja god psykisk helse
- sikra kvalifisert bemanning, satsa på rekruttering og oppbygging av kompetanse.
- innføra læreplassgaranti i helsefagarbeidarfaget
- sikra at eldre kan få bu heime lengst mogleg

- jobba førebyggjande mellom anna med trening i heimen
- satsa på bruk av velferdsteknologi
- servera sunn og fersk mat til eldre og pleietrengande
- prioritera tannhelse hos eldre og pleietrengande
- jobba for gode bu, arbeid og fritids-tilbod for menneske med nedsett funksjonsevne i heile kommunen

TRYGGE VEGAR

Vegnettet i Austevoll er ikkje tilpassa dagens trafikk og det trengs vesentleg oppgradering i heile kommunen. Sjølv om det er blitt vedteke ei "Austevollpakke" som eit spleiselag mellom Austevoll kommune og fylkeskommunen, vil desse midlane åleine ikkje vera tilstrekkeleg. Austevoll Arbeidarparti meiner det er naudsynt med ei oppfølgjar, ein "Austevollpakke 2". Ein mogleg del av finansieringa for å nå måla vil vera innføring av bompengar. Med gratis ferje meiner me dette er mogleg!

Me meiner alle elevar som bur innanfor 4km frå skulen skal kunna sykla eller gå. Det er eit godt folkehelseiltak at folk kan gå og sykle trygt.



Austevoll Arbeidarparti vil arbeida særskilt for desse strekningane:

- Veggen over Storebø
- Solesvik - Fagerbakkevågen
- Brua i Torangsvågen vidare til Barmen
- Eido

EIT LEVANDE OG INKLUDERANDE SAMFUNN

For at ein skal trivast i kommunen vår, er det viktig med eit variert kultur, idrett- og fritidstilbod for alle aldersgrupper. Dette gjev auka kreativitet, integrering og samhald.

Dugnadsinnsats og samarbeid er grunnlaget for fritidstilboda i kommunen. Me ynskjer å støtta organisasjonar og eldsjeler som skapar entusiasme.



Austevoll Arbeidarparti vil:

- auka midlar til fritidsaktivitetar og idrettslaga
- støtta drift av ungdomsklubbar
- auka tilskot til folkehelseiltak
- auka bygdahus- og kulturpotten
- støtta arbeidet til frivillige organisasjonar
- skapa gode møteplassar i bygdene våre

MILJØ OG KLIMA

Kommunen må vera rusta til å handtera utfordringane som følgje av miljø og klima endringane.

Austevoll skal føra ein offensiv og berekraftig klima- og energipolitikk og bli ein føregangskommune som tek klima og marin forsøpling på alvor.



Austevoll Arbeidarparti vil:

- ha fokus på beredskap og sikra regionale kompetansesamarbeid innafor brann og redning
- sikra tilstrekkeleg energiforsyning i åra framover og tilgang på reint vatn
- etablera løysningar for marint avfall
- at Austevoll kommune skal vera ein pådrivar inn mot SIM, for enda fleire moglegheiter for sortering av avfall for hus og hytter
- tiltak for å fjerne innretning i naturen som ikkje lenger er i bruk
- solceller på alle kommunale bygg
- støtte til energisparande tiltak
- tiltak mot matsvinn

Nokre saker me har fått gjennomslag for sidan 2015

- Sikra vedtak om kommunal drift av pleie og omsorgstenestene frå 2020
- Fått barnetrygda ut av inntektsgrunnlaget for personar som mottok sosialhjelp
- Senka prisen på SFO for familiar med låg inntekt
- Prioritert tidleg innsats i skulen
- Sikra kommunalt spesialpedagogisk team i barnehagane
- Teke i mot flyktningar
- Betra løn og tilsetjingsvilkår for avlastar
- Auka satsar til støttekontaktar
- Styrka kulturskulen med fleire tilbød
- Opna Kongsen kultursal
- Fått ungdomsråd på plass igjen
- PC til alle elevar i skulen
- Innført søskenmoderasjon for familiar som har barn i både SFO og barnehage
- Innført gratis SFO til barn med nedsett funksjonsevne frå 1. - 7.trinn
- Vedteke at kommunen skal vera ein demensvenleg kommune. Ein signert avtale med Nasjonalforeningen for folkehelse
- Styrka skulebiblioteka
- Styrka folkebiblioteket med auka opningstid og bemanning
- Vedteke «Austevollspakken»
- Fått gjennomslag for gratis ferje

VÅRE KANDIDATAR



Ordførarkandidat
Anja Heggholmen

2. Ingrid Møgster
3. Sandra Valskog
4. Ketil Helland
5. Håvard Endre Waage
6. Rune Fagerbakke
7. Ingrid Danielsen
8. Andreas Risøy
9. Mariann Birkeland
10. Ulla-Maija Sieppi
11. Mats Lie
12. Johannes Fagerbakke
13. Ole Andre Austevoll
14. Jane K Stangeland
15. Therese Melvær